

## Hosanger Dampbåtbryggja

LM 19.02.2021

Då dampbåtane tok til å gå siste del av 1800-talet, var det viktig for ei bygd å ha ei høveleg bryggja for å få anløp. Hosanger kommune og/eller eit lutlag bygde i 1895 steinkai utanfor prestegarden. Prestebryggja er framleis intakt. Men her var grunt og vanskeleg å leggja til. I 1901 starta ein byggjekomite arbeidet med ein betre bryggja heilt inne i Mjøsvågen. I 1903 vart Interessentskabet Hosanger Dampskipsbrygge skipa: «Interessentskabets formaal er at anlægge og vedligeholde en grundmuret dampskipsbrygge af sten i Mjosvaagen (med vareskur)». Det vart seld luter a kr 10,- og folk kjøpte både heile og halve luter. Dei største aksjonærane kjøpte 5. Og ein lukkast med å få faste anløp.

I 1925 skipa bøndene Hosanger Meieri, fekk kjøpe grunn til eit meieribbygg på kaien og kunne levere mjølk frå 1928. Meieriet vart drive fram til 1963. I 1993 nytta bryggjeselskapet sin forkjøpsrett og kjøpte tilbake meierigrunnen. Grunnane etter meieriet med kjølegrop for mjølka kan ein framleis sjå. Etter krigen vart det trong for større kai. Det vart nyteikning av lutar og kaien vart utvida både på sjøsida og mot nord i 1953.

Dampskipsbryggja vart bygda sitt midtpunkt og samlingspunkt. Rundt Mjøsvågen var det eit rikt arbeidsliv som du kan lesa om i Osterøy sogelag si bok «Ein våg me veit um». Kaia var viktig både for frakt av råvarer og ferdigvarer. På det meste var det t.d. 3 landhandlarar som dreiv samtidig. Og kaien var viktig for transport av både post, folk og fe. Og ikkje minst hadde kaien ein sosial funksjon; det var her du treffe folk og her du fekk fretta nytt. Det gjekk rutebåt til Hosanger heilt til 1976, då Hosanger fekk vesentleg kortare vegsamband til Lonevåg og mot Bergen via Bysheim. Etter dette vart det nokså «stille» rundt Mjøsvågen.

I 2001 vart dei fleste bygningane rundt Mjøsvågen inkludert kaia, verna. Frå 2005 har paraplyorganisasjonen Vener av Mjøsvågen arbeidd for nytt liv og røre rundt Mjøsvågen. Bygningar er sette i stand og fylte med aktivitet. Her er treskoverkstad som lagar tresko, du kan sjå kvar dei arbeidde reisekister og amerikakoffertar og korleis dei støypte i messing, her er kunstutstillingar og salsmesser, fabrikkutsal for strikkeprodukt, møte- og selskapslokale og i 2018 starta Mjøsvågen Landhandleri opp butikk og servering og eit godt kulturtilbod. Hosanger Dampbåtbryggje har på ny vorte eit samlingspunkt. I tillegg til ein og annan fraktebåt med grus og asfalt og nokre anløp av dampbåten Oster, vert kaia nytta av fritidsbåtar, til arrangement, til fisking og rett og slett til ein god plass å møtast. Det er kort veg til badeplassen Sperneset som Bergen og Omland Friluftsråd driftar. Du kan gå trygt på gamle gangvegar og nye, breie fortau rundt heile Mjøsvågen.